

Sartor skyttarlag
5370 FJELL

8471/82 MGS/LR
430/108-82

26. JULI 1983

LØYVE TIL SKYTEBANE VED PYTTANE I FJELL KOMMUNE

Vi viser til Dykkar søknad av 19.11.82.

I medhald av lov om rettshøve mellom grannar av 16. juni 1961, § 19, og etter fullmakt frå Røykskaderådet gir Statens forureinings-tilsyn (SFT) Sartor skyttarlag løyve til skyting på skytebane ved Pyttane, gnr. 47, bnr. 3,5 og 8, i Fjell kommune, Hordaland fylke.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

1. Løyvet omfattar følgjande anlegg:

- a. 200 m bane med 15 skiver
- b. 100 m bane med 10 skiver
- c. 50 m bane med 10 skiver

2. Skyting er ikkje tillate søn- og helgedagar før kl 1400.

./. Andre generelle vilkår går fram av vedlegg til dette brevet.

Grunngiving

Verken Fjell kommune eller Fylkesmannen i Hordaland har innvendingar i samband med søknaden om nytt skytebaneanlegg ved Pyttane.

Det er komme protestar til søknaden frå grannar og frå medlemmane i prosjektet "Busetnad, jordbruk og anna næringsverksemd i Bjørkdalen, Fjell kommune". Det blir blant anna peika på dei støyulempene som eit slikt anlegg vil føre med seg, og at det planlagde skytebaneområdet ligg midt i eit mykje brukt turterreng.

Støynivået frå skytebanen er rekna ut for uskjerma standplass. Resultatet viser at nivået for nærmaste busetnad er forholdsvis lågt. Det er mogleg at refleksjonar frå terrenget kan gi noko høgare lydnivå.

Etter planane til skyttarlaget vil standplassane bli overbygde og isolerte. Ein skytehall vil gi demping av direktelyden, men ikkje av refleksjonslyden.

Når det gjeld verdien av området som friluft- og rekreasjonsområde, finn SFT å måtte leggje avgjerande vekt på at Fjell kommune har gått inn for å leggje skytebanen på den staden som det er søkt om.

Skyttarlaget har søkt om bruksrett til banen alle vekedagar frå kl 0800 til det blir mørkt. Fjell kommune har i sitt vedtak i saka avgrensa skyting på søn- og helgedagar frå kl 1400 og til det blir mørkt.

Da skytebanen ligg bra til i forhold til nærmaste busetnad, har ikkje SFT funne det rimeleg å krevje støydemping av standplass eller å leggje tidsrestriksjonar på bruken av banen utover dei avgrensingar som er vedteke av Fjell kommune. Det vil likevel vere mogleg på eit seinare tidspunkt å avgrense bruken dersom røyntslene med bruk av anlegget viser at dette er naudsynt.

På denne bakgrunn meiner SFT at konsesjon bør gis.

Erstatningsansvar, høve til klage m.v.

Løyve til utslepp frittek ikkje for erstatningsansvar etter dei vanlege erstatningsreglane, jfr. granelovens § 23, siste ledd.

Partane i saka eller andre med særleg klageinteresse kan klage til Miljøverndepartementet på løyvet innan 3 veker frå melding om avgjerda er teke imot. I ei eventuell klage skal ein nemne det vedtaket som ein klagar på, og den eller dei endringar ein ønskjer. Ein bør grunngi klagen og nemne andre opplysningar som har noko å seie for saka. Klagen skal sendast til Statens forureinings-tilsyn (SFT).

Med nokre avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Ein kan få nærmare opplysningar om dette ved å vende seg til SFT. Andre opplysningar om sakshandsamingsreglar som har noko å seie for saka, vil også SFT kunne gi på førespurnad.

Kopi av løyvet er sendt dei andre partane i saka.

Etter fullmakt

Rolf Biørnstad

Uno Abrahamsen

GENERELLE VILKÅR

1. Eigenkontroll og ansvar

26. JULI 1983

Sartor skyttarlag pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ein kvar tid blir mest mogleg avgrensa. Heri ligg mellom anna ei plikt til så langt som mogleg å søkje å hindre unormale driftsforhold som er årsak til auka støynivå.

Sartor skyttarlag pliktar skriftleg å varsle SFT når nye støydempende tiltak m.v. blir sette i gang.

2. Inspeksjonar

Sartor skyttarlag pliktar å la representantar for forureiningsstyremaktane eller dei etatane eller institusjonane forureiningsstyremaktane gir fullmakt, inspisere anlegget kvar tid som helst.

3. Tvangsmulkt og straffeansvar

Forureiningsstyremaktane kan fastsetje nærmare reglar om tvangsmulkt for brot på vilkåra i løyvet.

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter grannelovens § 23 f.

4. Ytterlegare tiltak

Det kan krevjast at Sartor skyttarlag gjer endringar i det bestående anlegget med sikte på å minke støynivået i den monn Røykskadet/SFT meiner det er teknisk/økonomisk forsvarleg ut i frå praksis i samanliknbare tilfelle. Her må det takast omsyn til geografisk plassering, busetnad i nærleiken og andre forhold. Forureiningsstyremaktane kan krevje avgrensingar i bruken av banen dersom støyulempene blir større enn ein hadde rekna med.

ADRESSELISTE

Fjell kommune
5370 FJELL

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 106
5001 BERGEN

Odd Gjerstad m.fl.
Ekerhovd
5353 STRAUME

Stella East m.fl.
Ekerhovd
5353 STRAUME